



Ås barnehage

Årsplan 2019

VÅR VISJON:

Godt rusta for
framtida

Våre overordna verdiar:

- ✓ Respekt og omsorg for andre
- ✓ Lyst til å læra
- ✓ Tru på seg sjølv
- ✓ Sosial kompetanse

Våre mål:

- ✓ Barna skal ha medverknad på eigen kvardag
- ✓ Felles fokusområde for heile barnehagen
- ✓ Engasjerte vaksne og barn i ein aktiv kvardag

Vårt satsingsområde:

«Være sammen».

Gjera barn og vaksne til
den beste utgåva av seg
sjølv.

Ta vare på leikens
eigenverdi





Føremål:

Barnehagen skal gi barn i alderen 0-6 år eit godt pedagogisk tilbod som samsvarer med Barnehagelova § 1.

«Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng.»
(rammeplan for barnehagen 2017 s. 7)

Barnehagen skal byggja si verksemd på etiske grunnverdiar nedfelt i norsk lovverk.



Verksemda skal drivast i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover, forskrifter og kommunale vilkår for barnehageverksemd, barnehagen sine egne vedtekter, fastsett budsjett og årsplan for barnehagen si pedagogiske verksemd.

TILSETTE



Styrar
Aud Jorunn
Vedøy



Assisterande styrar
Sissel Kristine Gravdal

Pedagogiske leiarar:



Lena E
Stokken



Malin
Eriksen



Marit Kristine
Dommersnes



Linda
Amundsen



Siv
Miljeteig



Lene
Presthaug



Anette H.
Bjerkeset



Marte
Michelsen

Fagarbeidarar:



Hilde
Nysæter




Ingrid
Nysæter



Anne Bente
Østraat



Jessica
Hauan



Malin T
Stokken

Pedagogiske medarbeidarar



Anna
Jespersen



Audhild
Sørensen



Kjellaug K.
Larsen



Milian
Moores

I tillegg til dei fast tilsette vil det vera andre inne i periodar, som Nav assistentar, lærlingar og studentar.
Me har også til tider personal på kjøkkenet og merkantil hjelp.

Leiar i foreldrerådet er

RUTINAR FOR VURDERING:

Aktivitet	Tidfesting
Val av to område som skal vurderast	Etter foreldremøte om hausten – før utarbeiding av ny årsplan
Spisse vinklinga av vurderingsområder	Personalmøte i oktober
Status for vurdering på personalmøte	Før påske, før sommaren og på personalmøte i oktober
Løpande vurdering av kvardag og pedagogisk innhald	Pedagogisk leiar har ansvar for kontinuerleg vurdering. Nyttar innspel frå medarbeidarane på samarbeidsmøte i gruppene. Møte i ped.leiargruppa tre onsdagar i månaden. Kollegarettleiing for heile personalet i forhold til «Være sammen». Utfylling av vurderingsskjema etter kvart tema.

Aktivitet	Tidfesting
Samarbeidsutvalet skal godkjenne tema for vurdering. Tema skal stå i årsplan	Når gjennomgang av årsplan vert gjort
Dersom det er valt tema for vurdering som foreldra bør involverast i, vert dei spurt om dette. Til dømes gjennom spørjeskjema	Januar/februar
Tema på foreldremøte til hausten: Kva ønskjer foreldra skal vurderast i kommande år? Framlegg med forslag om tema for vurdering	Foreldremøte i september
Innspel til forelderådet om saker ein ønskjer å drøfta	Vert gjort dersom det dukkar opp aktuelle saker
Innspel og tilbakemelding ved foreldresamtalar	Når foreldresamtalane vert gjennomført
Foreldremøte blir nytta til å få innspel til endringar i årsplanen	September



ME HAR ETTER TILBAKEMELDINGANE PÅ FORELDREMØTE I SEPTEMBER VALGT UT TO OMRÅDER SOM SKAL VURDERAST: «MOTORISKE AKTIVITETAR I NATUREN RUNDT OSS» OG «BEVISST GJERING AV SPRÅK I KVARDAGSSITUASJONAR»

	Tidfesting	Kven har ansvar?
Undersøkja kva som er utfordringa	Januar 2019	Assisterande styrar
Igangsetjing av tiltak	Februar 2019	Pedagogisk leiar på gruppa
Gjennomføring	Dagleg	Pedagog og assistent i samarbeid
Oppfølging	Kontinuerleg	Pedagogisk leiar på gruppa
Ser foreldra endring? Spørjeskjema kor me samstundes undersøkjer nye vurderingsområder	Foreldremøte i september 2019	Assisterande styrar
Status og evaluering etter tilbakemeldingar	På personalmøte i oktober 2019	Den pedagogiske leiargruppa



Ås barnehage 2019

- o **Kvalitetspolitikk**

Ås barnehage skal gjennom kvalitet framstå som det naturlege val for foreldre som ynskjer barnehageplass for barna sine. Vårt hovudfokus i arbeidet skal vera barnet. Me er her for barna, og skal leggja til rette for at kvart enkelt barn vert sett, får dekkja sine behov, og får gode utviklingsmoglegheitar. Tenestene me utfører skal vera av god kvalitet, slik at me kan vinna og oppretthalde tillit både hos foreldra, samarbeidspartnarar og kommunen som tilsynsmynde. Kvalitetsarbeidet i barnehagen skal vera eit kontinuerleg arbeid som vil bli vurdert årleg.

- o **Programtilbod og tenester**

Ås barnehage er open frå kl. 06.30 – 16.30. Me har ope alle kvardagar. Nyttårsafta og onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl. 12.30. Julafta er det stengt.

Barnehagen er stengt 5 dagar pr. år til planlegging for personalet.

Barn som får plass i barnehagen har plass til skulepliktig alder, eller til plassen vert sagt opp skriftleg. Eit barnehageår gjeld frå 15.08. til 14.08. året etter.

Alle barn skal ha 4 veker ferie i løpet av barnehageåret. Tre av dei skal vera samanhengande. Barnehagen har stengt to veker, fortrinnsvis dei to siste i juli.

Hos oss treng ikkje barna ha nistepakke med. Me serverer tre måltid i løpet av dagen; frukost, lunsj og frukt.

Forsking seier mykje om at dei yngste barna har behov for rolegare dagar med mykje omsorg og tid for undring og lek. Dette set me stort fokus på her hos oss, og har difor skjerma småbarnsgrupper slik at me ivaretar deira behov.



SPRÅK

I Rammeplanen for barnehagen 2017 står det:

«Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle sin språkforståelse, språkkompetanse og et mangfold av kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, sanger, litteratur og tekster fra samtid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leker med språk, symboler og tekst og stimulere til språklig nysgjerrighet, bevissthet og utvikling.»

I barnehagekvardagen har me fokus på kvardagsspråket. Me vil bruka omgrep i lag med barnet i garderobesituasjonar, måltidet og på tur. Dette for å gi dei størst mulig ordforråd, men og for at dei skal forstå kva orda betyr. Me trur på at det å ha konkretar i lag med ord for å forsterka tydinga, vil gjera det lettare for barna å huska og å læra seg nye ord og omgrep.



OVERGANGAR

Me ynskjer å gjera overgangen så enkel og god som mulig for barn og foreldre. Etter at barna har fått plass i barnehagen tilbyr me barn og foreldre eit besøk i barnehagen. Då får dei sjå korleis me har det og korleis me legg opp våre dagar. Me inviterer også til ein oppstarts-samtale mellom forsette og pedagog.

Me ynskjer at foreldre er ilag med barna dei første dagane, foreldra må gjera barna trygge i barnehagen og på personalet. Dei tar del i dei kvardags oppgåvene i barnehagen som måltid, stellerutinar og legging. Føresette trekker seg gradvis vekk etterkvart som barnet blir trygt.

I overgangen mellom grupper prøver me å leggja til rette for at dette skal gjerast enklast mogleg for barnet. Me bruker tid til å førebu og samtala med barna om endringa som skal skje. Så lang det lar seg gjere vil me også at ein eller fleire kjende vaksne følgjer med barna når dei bytter gruppe.

Overgangen frå barnehage til skule ynskjer me og skal væra ei trygg og god oppleving. Me ynskjer at barna skal væra godt rusta for framtida når dei forlèt barnehagen. Barna skal ha tru på seg sjølv og oppleva mestringsfølelse. Me førebur barna på skule med felles samtale rundt temaet og opplevingar. Me har og litt skuleaktivitetar tilpassa etter barna og barnegruppa si modning. Barna besøker skulen saman med føresette.

Overgang barnehage/skule

Kva: Besøka skulen

Korleis:

- Barna besøker skulen saman med foreldre

Kva: Mappe til skulen

Korleis:

- Overlevering mellom ped.leiar/lærer
- Skal innehalde kort skildring av barnet sine sterke sider, kva barnet likar å gjera og kva barnet treng øva på (vedlegg nr.1)
- Godkjenning med underskrift frå foreldre i april.(vedlegg nr.2)
- Skjema for barn med minoritetsspråkleg bakgrunn(vedlegg nr.3)

Kva: Mappe 2

Korleis:

- På overleveringsmøte mellom ped.leiar/ lærar.
- Dette er ei mappe med konfidensiell informasjon (som t.d. Alle med, TRAS, Språkperm) der foreldre og barnehagen er blitt samde om at skulen treng utvida informasjon om barnet.

Kva: PPT og barnevern

Korleis:

- Skulen får naudsynt info om einskilde barn, dersom foreldre gjev samtykke til det

Kva: Foreldresamarbeid

Korleis:

- Informasjon på foreldremøte i barnehagen
- Infomøte for foreldre på skulen
- Foreldresamtale vår

Kva: Samarbeid
barnehage/skule

Korleis:

- Overføringsmøte der pedagog frå barnehagen overleverer mappa til den pedagogen som skal ha barnet i 1.trinn

Overgangsplan for barnehage/ grunnskule i Stord kommune.

Målet med planen er at rutinar og ansvars plassering skal gi det enkelte barn ein god overgang frå barnehage til skule.

Rammeplan for barnehagen og prinsipp for opplæring i skulen (Læringsplakaten) slår fast at barnehage og skule skal samarbeide til det beste for barnet.

«Overgangen mellom barnehage og skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga.

Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten.»
Rammeplan for barnehagen 2017 s.33



BARN SIN MEDVERKNAD

Aktivitet	Tidfesting
Daglege samtalar med barna	Kontinuerlig
Tilbakemelding av gjennomførte aktivitetar på tankekart – gjenkalling	I etterkant av gjennomføringa
Observasjon av borna, særleg dei som er minst språkkunnige	Kontinuerlig
Barnesamtale med dei barna som skal over i skulen	Vår
«Kva seier barnet»- fyller ut på vurderingsskjemaet	Etter kvart tema. Når ein går gjennom vurderingsskjemaet

Barn sin medverknad

Kva: Måltid

Korleis:

- Fleksibel frukost
- Velje kva mat ein vil ha innanfor rammer

Kva: I planarbeid

Korleis:

- Tankekart saman med barna
- Observasjon
- Tilbakemelding frå barna gjennom barnesamtale/ samtalegrupper

Kva: Gjennom føresette

Korleis:

- Foreldremøte
- Foreldreråd og samarbeidsutval
- Foreldresamtale
- Dagleg samtale

Kva: Observasjon og refleksjon

Korleis:

- Justere den voksne si tilrettelegging og handling i kvardagen saman med borna.

Kva: Tur

Korleis:

- Turmål
- Innhaldet på turen

Med barns medverknad meiner me at barn skal få støtte til å uttrykka seg, bli sett og ha ei påvirkning i sosial samanheng. Me må gi barnet mulighet for å uttrykka seg og å samhandla i lag med andre, både verbalt og non- verbalt. På denne måten vil barnet ha ein medverknad på gruppa og i barnehagen. Dei voksne må vera støttande og sjå både enkeltbarn og heile barnegruppa sine behov.

Her er eit eksempel på korleis me arbeider med planarbeid i barnehagen. Ein tar utgangspunkt i eit fagområde og progresjonsplan, og snakkar med barna om kva som kunne vera spennande å jobba med ei stund framover.

Dette er eit tankekart for 1-2 åringar, kor observasjon av barna er utgangspunktet. Me erfarer og ser kva dei likar å arbeide med. I dette tankekartet er det også tatt med nokre ting basert på tradisjonar.



Dokumentasjon

Kva: Planarbeid

Korleis:

- Observasjonar, praksisforteljingar og samtale med barn som utgangspunkt for refleksjon og for planar
- Tankekart
- Vekeplan/Månadsplan /progresjonsplan/prosjektplan

Kva: Kvardagshendingar

Korleis:

- Rapportar på Vigilo
- Bilete frå aktivitetar på Instagram og Facebook

Kva: Barna sin trivsel og utvikling

Korleis:

- Observasjon og praksisforteljing som utgangspunkt for refleksjon på samarbeidsmøta i barnehagen

Kva: Pedagogisk innhald

Korleis:

- Tankekart
- Praksisforteljing
- Barneteikningar

Omsorg, leik, læring og danning

Gode relasjonar er grunnlaget for læring og utvikling. Barnehagen skal være ein god plass å vera, der barnet sitt behov blir ivaretekt og sett gjennom varme og grensesettande vaksne. Barna skal få oppleva at deira tankar og meiningar blir høyrte gjennom danning, dei skal veksa opp til å bli trygge barn som har tru på seg sjølv. Me ynskjer og at dei skal kunne sjå andre og ta deira perspektiv. Difor er det viktig at personalet er lyttande til barna sine meiningar og engasjement, og tar det med som innspel til planar og aktiviteter.

Me ser på leiken som svært viktig. Her ligger utruleg mykje læring; sosiale spelereglar, språklege utvikling, be-arbeiding av opplevingar og kjensler, kreativitet, problemløysing, vente på tur og sjølvheving. Her er det viktig at me som medvitne vaksne er med i leiken og tilgjengelige for dei som treng ein støttespelar anten det er som deltakane, støttande eller rettleiande. Gjennom leiken og gjennom læring skal barna utvikla seg både kognitivt, kjensle-messig, sosialt, språkleg og kroppslig.

Me legg vekt på at det fysiske rommet, leikene som er tilgjengelige er tilpassa barna sin ulike alder og modning. Det er viktig for oss at barna har progresjon og får utvikla seg på alle plan. Me har difor dei yngste litt skjerma på rom for seg sjølv, der dei har vaksne som er den trygge tilknyttinga. Leiker og aktivitetane er tilpassa deira alder og modning. Etter kvart som barna veks og blir eldre har me andre rom, andre aktivitetar, andre turar og meir utfordrande prosjekt som er tilpassa alderstrinnet dei er på. For oss er det viktig å at borna får oppleva mestring med utfordringar som er tilpassa enkeltbarnet. Dette meiner me gir gode muligheiter til å vera godt rusta for framtida.

-Når eg er eit år er det godt for meg å ha ein trygg base. Vaksne som er tett på meg og ser og støttar meg. Eg likar å utforske med sansane mine, både ute og inne.

-Når eg er to år likar eg å ha litt meir plass til å springa, klatra og utfordra meg sjølv. Eg veks på oppgåver og mestringskjensla. Fellesskapet på gruppa byrjar å bli viktig for meg.

-Når eg er tre år likar eg å gjere ting sjølv. Eg vil gå på do sjølv, kle på meg og gjerne bestemme kva kler eg vil ha på meg. Eg ynskjer også å finna meg sjølv i forhold til omverda og kva grenser eg må forholde meg til. I denne alderen lurar eg på mykje og vil sjekke opp i ting, og no knytter eg meg til gode leikekameratar.

-Når eg er fire år er leiken og vennene mine viktige for meg. Eg likar framleis å utforske og å stille spørsmål, og det er godt for meg å ha ein trygg vaksen som kan rettleia meg når eg ikkje meistar utfordringane i samspelet med andre.

-Når eg er fem år meistar eg mykje sjølv, men framleis er trygge vaksne viktig for meg. Dei trengt ikkje stå så tett på, men relasjonen må vera så god at eg veit kor eg kan gå om eg treng nokon. Utfordringar kor eg kjenner eg meistar gjer meg til den eg er.

Omsorg, leik, læring og danning

Kva: Leggja til rette for frileik **Korleis:**

- Leikegrupper
- Vaksne som er tilstades for rettleiing og hjelp i konfliktløyising
- Støttand vaksne i leiken

Kva: Samarbeide med foreldra **Korleis:**

- I foreldresamtale
- På foreldremøte
- I hente- og bringesituasjon
- «Vigilo»

Kva: Hjelpe barna til å reflektere over eigne handlingar **Korleis:**

- I samling
- I konfliktsituasjonar
- I rollespel
- I kvardagen
- I leiken

Kva: Respekt for kvarandre **Korleis:**

- «Steg for steg»
- Voksne som gode rollemodellar
- Setja ord på følelsar
- Oppfordre til å vera høflig, helse og å takke.
- «Være sammen»

Kva: Gi barna tru på seg sjølv **Korleis:**

- Sjå enkeltbarnet
- Lydhøyre vaksne
- Gi positive tilbakemeldingar når barna gjer positive handlingar

Kva: Byggja på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon **Korleis:**

- Ha fokus på vennskap
- Fokus på empati
- Formidla tradisjonar

Kvifor: I barnehagen er gjensidige samhandlingsprosessar med barn og vaksne i leik og læring, samt omsynet til kvarandre, føresetnader for danninga til barnet. Fokuset i barnehagen er det enkelte barnet, at kvar enkelt skal bli sett og bli tatt på alvor.

Barnehagen skal vareta barnas behov for leik.

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre». Rammeplan for barnehagen 2017 s.20

Me har ute- og innerom som innbyr til ulik leik for dei ulike aldersgruppene. Her er store rom og mange små krokar som innbyr til ulike leikealternativ. Barnehagen har også mykje utstyr/leiker som dei kan nytta. Personalgruppa ser på det som viktig å gi rom for leik.



**Fagområdet:
Kommunikasjon, språk og tekst**

Kva: Lytte

Korleis:

- Samling
- Språksprell
- Høgtlesing
- Munnleg forteljartradisjon
- Ulike lytteleikar og spel
- Kvardags- situasjonar

Kva: Ulike tekstformer

Korleis:

- Spontant
- I samling
- Bøker tilgjengeleg
- Besøke biblioteket
- Leik med språket
- Rim, regler, songar

Kva: Språkstimulering

Korleis:

- Fokus på at me nyttar språk i konfliktløysing
- Bruka omgrep aktivt i kvardagsspråket
- Me ynskjer å lesa mykje saman med barna
- Låna bøker på biblioteket
- Steg for steg
- Snakkepakken

Kva: Samtale

Korleis:

- I den daglege samhandlinga med barna
- Gi barna tid og muligheit for kommunikasjonen barn-barn og barn-voksen
- Legga til rette for og å anerkjenne nonverbal kommunikasjon med dei minste

Kva: Språktrening

Korleis:

- Tilpassa språktrening for barn med sein språkutvikling og framandspråklege
- Leikegrupper
- Bevisst omgreps- trening
- Bruk av peikebøker med dei minste

Kva: Leik

Korleis:

- Ulike leikerom
- Aktive og støttande vaksne
- Uteleik og tur
- Blanda aldersgrupper

Kvifor: Utvikling av godt munnleg språk og evna til å kommunisera i eit sosialt samspel. Førebu lese- og skrivetrening i skulen

Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle sin språkforståelse, språkkompetanse og et mangfold av kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, sanger, litteratur og tekster fra samtid og fortid.

Rammeplan for barnehage 2017, s48



Januar

Me har fokus på fagområdet; «Kommunikasjon, språk og tekst».

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
veke 1	1	2	3	4 Fellessamling	5	6
7 veke 2	8	9	10	11 Fellessamling	12	13
14 veke 3	15	16	17	18 Fellessamling	19	20
21 veke 4	22	23	24	25 Planleggingsdag. Barnehagen er stengt.	26	27
28 Veke 5	29	30	31			

FAGOMRÅDET; MENGD, ROM OG FORM

Kva: Form og konstruksjon

Korleis:

- Følgje byggeprosessar i nærmiljøet
- Lage byggverk / modellar i ulikt materiale
- Bygningar og former før og no
- Synlege tal og former
- Delta i pepperkakebyen
- Sanserom

Kva: Sortere, rydde, klassifisere

Korleis:

- Rydde leiker
- I daglege rutinar
- I naturen / på tur
- Spel

Kva: IKT

Korleis:

- Leik med tal på Ipad/PC
- Utforske former og mønster på datamaskinen/ pedagogiske spel på Ipad
- Finna informasjon på internett

Kva: Gjere erfaring med måling, veking, berekna

Korleis:

- Bake/koke
- Følgje oppskrifter
- Bruke eigna målereiskapar
- Snakkepakken

Kva: Spel

Korleis:

- Puslespel
- Spel med form og mønster
- Terning/telja

Kvifor: «Barnehagen skal synleggjere samanheng og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølv å være kreative og skapande.»
Rammeplanen for barnehage 2017 s. 53

Aktivitet innanfor fagområdet;

Form og farge.

Denne aktiviteten kan lett gjerast sammen med barna.

Utstyr: Farga ark, saks og lim.

Ein kan klippe ut trekantar, rundingar og firkantar i forkant av aktiviteten. La alle barna få eit ark kvar eller i sammen, og legg ut mange utklippet former. La dei få lime dei ulike formene på arket sitt. Her kan ein lage morosame figurar samtidig som ein snakker om form og farger. Ein kjekk aktivitet å gjere inne☺

Februar

Me har fokus på fagområdet; «Mengd, rom og form».

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
veke 5				1 Fellessamling	2	3 Barnas turlag arrangerer "Kom deg ut-dag" på Lundarstølen Fastelaven
4 veke 6	5	6 Samefolket sin dag	7	8 Fellessamling	9	10
11 veke 7	12	13	14	15 Fellessamling Karneval	16	17
18 veke 8	19	20	21	22 Fellessamling	23	24
25 veke 9	26	27	28			

Fagområdet: Natur, miljø og teknologi

Kva: Teknologi

Korleis:

- Vera nysgjerrig på naturvitskaplege fenomen
- Laga konstruksjonar med ulike materialar
- Eksperimentera og utforske korleis ting er sett saman
- Skru og mekka.
- Utforska kva moglegheiter reiskapar og teknologi kan by på
- Studere motorar på museet/ maritimt museum

Kva: Dyr

Korleis:

- Gardsbesøk
- Fiskeur – fisk som råvare
- Studera småkryp
- Utforske dyrelivet rundt barnehagen

Kva: Miljøvern

Korleis:

- Samtale
- Ta vare på inventar og utstyr i barnehagen.
- Plukke boss / rydde etter oss i naturen
- Boss-sortering/besøka SIM
- Rotnings- prosessen
- Gjenbruk

Kva: Fysikkleik/forsøk

Korleis:

- I samling
- Ute i naturen
- På kjøkkenet
- Spontant i frileik

Kva: Hygiene

Korleis:

- I kvardags-situasjonar
- I samling

Kva: Mangfaldet i naturen

Korleis:

- Utforske kreftene i naturen: vind, vatn, sol, frost.
- Finne råvarer i naturen til mat og estetiske uttrykk.
- Studere særtrekk ved årstidene

Barnas turlag

22.01.	Kveldsmattur
03.02.	Kom Deg Ut dagen Lundarstøl
08-09.02	Overnattingstur Lundarstøl
26.02.	Kveldsmattur
12.03.	Kveldsmattur
02.04.	Kveldsmattur
04.05.	Kanotur på Ådlandsvatnet
21.05.	Kveldsmattur
02.06.	Topptur - Steingjeldsheddo
18.06.	Kveldsmattur
August	Telttur til Tysevatnet
13.08.	Kveldsmattur
01.09.	Kom Deg Ut dagen Skjerpåsen
22.09.	Topptur - Utslettefjellet
24.09.	Kveldsmattur
11-12.10.	Overnattingstur Lundarstøl
22.10.	Kveldsmattur
03.11.	Lommelykttur Lundarstøl
19.11.	Kveldsmattur



Barnas turmål 2019 er:

- Steingjeldsheddo, Stord 529 moh.
- Utslettefjellet, Stord 252 moh.
- Sherpatrappene, Stord 200 moh
- Ravatnet, Stord 344 moh.
- Svartavatnet, Fitjar 395 moh.
- Fiskarneset Fitjar 82 moh.

Startdato: 25. mars

Slutt dato: 2. november

Kvifor: Barnehagen skal bidra til at barn blir glad i naturen og får eit mangfald av naturopplevingar og oppleve naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring

Barnas turlag har to «Kom deg ut» -dagar. Ein om våren og ein om hausten. På den om hausten brukar personalet i Ås barnehage å delta. Me har tidligare bidrege med blant anna natursti og dramatisering.

Mars

Me har fokus på fagområdet; «Natur, miljø og teknologi».


Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
veke 9				1 Fellessamling	2	3
4 veke 10	5	6	7	8 Fellessamling Den internasjonale kvinnedagen	9	10
11 veke 11	12 Barnehagedagen: «Eg lurar på...»	13	14	15 Fellessamling	16	17
18 veke 12	19	20	21	22 Fellessamling	23	24
25 veke 13 Vaffeldagen	26	27	28	29 Fellessamling	30	31

Natur, miljø og teknologi

Opplevelingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling.

Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for lek og læring.

Rammeplan for barnehagen 2017, s52



Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna får kunnskap om dyr og dyreliv



April

Me har fokus på fagområdet; «Natur, miljø og teknologi».

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
1 veke 14	2	3	4	5	6	7
8 veke 15	9	10	11	12	13	14 Første sommardag
15 veke 16 Forbod mot bålbrenning startar	16	17 Barnehagen stenger kl. 12:30	18 Skjærtorsdag Barnehagen er stengt	19 Langfredag Barnehagen er stengt	20	21 1. Påskedag
22 veke 17 2. Påskedag Barnehagen er stengt	23	24	25	26 Fellessamling	27	28
29 veke 18	30					

Fagområdet:
Kropp, rørsle, mat og helse

Kva: Positive erfaringar med friluftsliv/uteleik

Korleis:

- Matlaging på tur
- Gode klatremoglegheiter
- Sykkeldag
- Tur
- Leirplass i skogen
- Lære tradisjonelle uteleikar
- Nyttar T-løyper på fjellturar og elles andre lokale turløyper på tur dagar.
- Leik og ulike aktivitetar på fotballbanen og i ballbingen

Kva: Grovmotorisk aktivitet inne

Korleis:

- Gym
- Dans
- Hinderløype
- Song med rørsle
- Leik med store puter

Kva: Kroppsmeistring

Korleis:

- Sjølvstendighets- trening
- Varierte fysiske utfordringar
- Dramaaktivitetar
- Forming
- Klatrestativ i barnehagen
- Samling

Kva: Mat

Korleis:

- Sunn kvardagskost servert ved måltida
- Frukt og grønnsaker kvar dag
- Fruktfat i bursdagssamling
- Bevisstgjerjing ved samtale
- Innsikt i «frå dyr til mat»
- Fruktfat/smoothie i bursdagssamling
- Innsikt i «frå jord til bord»

Kva: Finmotorisk trening

Korleis:

- Spel
- Formingsaktivitetar
- Øve på påkledning
- Smørjelunsj
- Klippa med saks
- Øva på blyantgrep
- Perler, puslespel, klistremerker mm

Kva: Menneskekroppen

Korleis:

- Kunnskap om kroppen
- Verta trygg i eigen kropp
- Skape positivt sjølvbilet
- Kunnskap om grenser for eigen kropp

Kvifor: Utvikle grunnleggande motoriske ferdigheitar, kroppsmeistring, fysiske eigenskapar, vanar og innsikt i korleis ein kan ivareta helse og livskvalitet.

Gul og fin som sola det er eg,
hestehoven alle kjenner meg.
I kvar liten grøftekant eg står,
minner borna om at det er vår



Mai

Me har fokus på fagområdet; «Kropp, rørsle, mat og helse».

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
veke 18		1 Off.høgtidsdag Barnehagen er stengt	2	3 Fellessamling	4	5
6 veke 19	7	8 Frigjeringsdagen	9	10	11	12
13 Veke 20	14	15	16	17 Grunnlovsdag Barnehagen er stengt	18	19
20 veke 21	21	22	23	24 Fellessamling	25	26
27 veke 22	28	29	30 Kr.himmelfartsdag Barnehagen er stengt	31 Planleggigsdag Barnehagen er stengt		

Fagområdet: Nærmiljø og samfunn

Kva: Like muligheter

Korleis:

- Fokus på like muligheter for gutar og jenter.
- Tilrettelegging av leikerom med utfordringar - Bevisste vaksne

Kva: Samarbeid med andre instansar

Korleis:

- Stord Kulturskule
- HVL
- NAV
- Barneskular
- Ungdom- og vidaregåande-skule
- Biblioteket
- Sunnhordland museum
- Med fleir

Kva: Barnas turlag

Korleis:

- Barnehagen har stand på "Kom deg ut"-dagen i Skjerpåsen
- Barnegrupper som nyttar T-løyper på tur dagar
- Nytt kart
- Oppfordra foreldre til å delta på «Kom deg ut dagane»

Kva: Kjennskap til ulike kulturar

Korleis:

- Aksjonsdag etter FORUT-prosjekt
- Snakke om høgtider og merkedagar
- Forteljetradisjon frå ulike kulturar
- Bruke ressurspersonar i nærmiljøet og i personalet.

Kva: Leirvik sentrum og næringslivet

Korleis:

- Bruke lokalavisa som kjelde til informasjon om kva som skjer
- Lucia feiring i sentrum
- Følgje byggeprossar
- Besøkja gruveområdet på Littabø
- Bli kjent med kunst, kultur og tradisjonar i sentrum

Kvifor: «Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda.»
Rammeplan for barnehagen 2017 s.55

Me er så heldige at fleire i personalet vårt har bondegård. Der får me jevnleg komma på besøk og me får utforska og kjenna på nærkontakt med dyr og natur.



Gjennom utforsking, opplevelser og erfaringer skal barnehagen bidra til å gjøre barna kjent med eget nærmiljø, samfunnet og verden.

Rammeplan for barnehagen 2017, s 55.

Juni

Me ha fokus på fagområdet; «Nærmiljø og samfunn».

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
veke 22					1	2
3 veke 23	4	5	6 Sommarfest	7 Fellessamling	8	9 1. Pinsedag.
10 veke 24 2. Pinsedag. Barnehagen er stengt	11	12	13	14 Fellessamling	15	16
17 veke 25	18	19	20	21 Fellessamling	22	23 Sankthansaften
24 veke 26 Sankthans	25	26	27	28 Fellessamling	29	30

EIN INKUDERANDE BARNEHAGE, SKULE OG SFO

Stord Kommune sin strategiplan inkludering i barnehage, skule og SFO handlar i stor grad om verdier, haldningar, handlingar, relasjonar og kultur. Det å oppleve seg inkludert er viktig for barn og unge sin trivsel, læring og livsmeistring. I vår kommune er det å arbeida med inkludering i barnehage, skule og SFO. Dette er noko som byrjar i barnehage.



For oss i Ås Barnehage er leik viktig. Har ikkje barna nokon å leike med, kan ein føle seg utanfor. Me har som mål å hindra utanforskap og bidra til læring, utvikling og livsmeistring.

Våre kjernekomponenter er:

- Vera fysisk og psykisk til stades
- Ta ulike rolle i leiken saman med barna
- Observera og gripa inn visst me ser at leiken ikkje er god.
- Dei vaksne spreier seg meir i uteleiken
- Halde orden for å gjera romma meir attraktiv og spennande (ute og inne)



Juli

Veke 29 og 30 har barnehagen feriestengt.

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
1 Veke 27	2	3	4	5	6	7
8 Veke 28	9	10	11	12 Siste barnehagedag før ferien.	13	14
15 veke 29 Feriestengt	16 Feriestengt	17 Feriestengt	18 Feriestengt	19 Feriestengt	20	1
22 veke 30 Feriestengt	23 Feriestengt	24 Feriestengt	25 Feriestengt	26 Feriestengt	27	28
29 veke 31 Fyrste barnehagedag etter ferien	30	31				

Fagområdet: Etikk, religion og filosofi

Kva: Filosofi

Korleis:

- Undring rundt ulike problemstillingar og opplevingar
- Samtalar
- Forteljingar

Kva: Øve på sosial kompetanse

Korleis:

- «Være sammen»
- I lek
- I kvardagssituasjonar, samling og tilrettelagde aktivitetar
- Voksne som førebilete
- Steg for steg
- Fokus på førebygging av mobbing.

Kva: Bli kjent med høgtider i andre religionar og kulturar representert på gruppa

Korleis:

- Samtale
- Lese historier
- Lære songar
- Lage mat
- Flagg

Kva: Respekt for ulikhetar

Korleis:

- Samtale
- Drama
- Vaksne rollemodellar
- Refleksjon

Kva: Markera høgtider i vår tradisjon

Korleis:

- Kyrkjevandring
- Juleevangeliet
- Påskebodskapen
- Song og musikk
- Tradisjonar kring høgtidene før og no

Kvifor: «Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald.»
Rammeplan for barnehagen 2017 s. 54



Ein god klem er som ein kopp varm kakao,
den varmar deg tvers igjennom

August

Nytt barnehage år startar og me gler oss til å bli kjent med nye vener!

Denne månaden har me fokus på fagområdet; «*Etikk, religion og filosofi*».

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
veke 31			1	2	3	4
5 veke 32	6	7	8	9	10	11
12 veke 33	13	14	15 Nytt barnehage- år! Planleggingsdag. Barnehagen er stengt	16	17	18
19 veke 34	20	21	22	23	24	25
26 veke 35	27	28	29	30	31	

Fagområdet:

Kunst, kultur og kreativitet

Kva: Uttrykkja seg estetisk

Korleis:

- I samling, tilrettelagde aktivitetar og fri leik.
- Tilgang til rom, materiale og utstyr
- Fantasi, kreativ tenking og skaparglede
- Bruka ulike teknikkar, materiale, verkøy og teknologi
- Gjennom musikk, dans og drama

Kva: Kulturtradisjonar

Korleis:

- Markere enkelte merkedagar på primstaven
- Bli kjend med forteljar-, song- og musikktradisjon
- Møte uttryksformer som biletkunst og kunsthåndverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design.

Kva: Gje barna erfaringar m/ ulike kunstuttrykk

Korleis:

- Bevisstgjera dei på kunst i nærmiljø
- Gå på teater, utstillingar, konsertar når tilgjengeleg
- Besøkja skulpturar i nærmiljøet

Kva: Kulturidentitet

Korleis:

- "Familien min" bilete heime frå for dei yngste
- Samarbeid med Sunnhordland museum
- Bli kjent med kulturuttrykk frå ulike land og kulturar

Kva: Tilrettelegging av fysisk miljø

Korleis:

- Leikerom som stimulerer til kreativ aktivitet
- Tilgang til ulike materiale og uttryksformer

Kvifor: «Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhørslse, deltaking og eige skapande arbeid. Barnehagen skal la barna møte ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar. I arbeid med fagområdet skal personalet stimulere nysgjerrigheit, utvide forståinga deira og bidra til undring, undersøkingar, utprøvingar og eksperimentering. Rammeplanen for barnehagen s. 50-51



September

10. september vert det foreldremøte i barnehagen.

Me har fokus på fagområdet; «Kunst, kultur og kreativitet».

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
veke 35						1 Barnas turlag arrangerer "Kom deg ut-dag" i Skjephagen
2 veke 36	3	4	5	6 Fellessamling	7	8
9 veke 37	10 Foreldremøte i Barnehagen	11	12	13 Fellessamling	14 Forbod mot bål brenning oppheva	15
16 veke 38 Brannvernveke	17	18	19	20 Fellessamling	21	22
23 veke 39	24 Epledagen	25	26	27 Fellessamling	28	29
30 Veke 40						

Forut barneaksjon.

Med forut barneaksjon blir barnehagen kjent med barn frå ein anna kultur.

Me ser korleis dei bur, kva dei et og korleis dei har det.

Fokuset er på det positive i deira kvardag. Barna får sjå film og høyre musikk, som følger med det pedagogiske opplegget frå forut.

I barnehagen vår velger me aktivitetar ut i frå alder og modning for barna.

Les gjerne meir på forut.no





Oktober

Sidan det er FN dagen 24. oktober ynskjer me å sjå litt korleis born i andre deler av verda har det. Me har fokus på fagområdet "Kunst, kultur og kreativitet".

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
veke 40	1	2	3	4 Fellessamling	5	6
7 veke 41	8	9	10	11 Fellessamling	12	13
14 veke 42 Første vinterdag	15	16	17 Refleksdagen	18 Fellessamling	19	20
21 veke 43	22	23	24 FN dagen FORUT-aksjon	25 Fellessamling	26	27
28 veke 44	29	30	31			

Mengd, rom og form



November

Me har fokus på fagområdet "Mengd, rom og form".

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
veke 44				1 Planleggingsdag Barnehagen er stengt	2	3
4 veke 45	5	6	7	8 Fellessamling	9	10
11 veke 46	12	13	14	15 Fellessamling	16	17
18 veke 47	19	20	21	22 Fellessamling	23 Mot til å glede dagen	24
25 veke 48	26	27	28	29 Fellessamling	30	



Pepperkakebakesang



Når en peparkake baker,
baker peparkake kake

Tar han først en stekegryte og en kilo margarin

Oppi gryta smelter smøret,

Og det neste han må gjera er å røre saman
smøret og en kilo med farin.

Farin, det er det same som sukker det.

Ja, eg veit det

Og mens smør og sukker skummar

Tar man åtte eggeplommer, som man røre ut i
gryta med en kilo kveitemjøl

Og til slutt i gryta slepper man en liten te-skjei
peppar også røre man omkring og tømmer
deigen på ei fjøl.



Desember

Me har fokus på fagområdet "Etikk, religion og filosofi".

Advent er ei ventetid, og me ser at dette ofte er ei travel tid for både barn og voksne.

Me i barnehagen vil prøva å roa ned litt, kosa oss med å førebu jula, og kjenna på spenninga og forventningane som ligg i denne adventstida.

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
veke 48						1
2 veke 49	3	4	5	6	7	8
9 veke 50	10	11	12	13 Luciadagen 4-åringane går Lucia for dei andre i barnehagen	14	15
16 veke 51	17 <i>Nissefest og graut</i>	18	19	20	21	22
23 veke 52	24 Julafta Barnehagen er stengt	25 1. juledag Barnehagen er stengt	26 2. Juledag Barnehagen er stengt	27	28	29
30	31 Nyttårsafta Barnehagen stenger 12.30					